



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2024

67. årgang



**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

**ETN Grafisk, 3701 Skien**

**SOKNEPREST**

**Håkon Kinsarvik.**

Tlf. 976 44 169.

[hk482@kyrkja.no](mailto:hk482@kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

**Margrethe Skåden**, Tlf. 481 20 586

[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/****FELLESRÅD: Leiar:**

**Bodil Bjørlo Takle**, tlf. 481 74 449

[bodil.bjorlo.takle@enivest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@enivest.net)

**Nestleiar: Åse Haugen,**

tlf. 482 50 014 [haugenaa@online.no](mailto:haugenaa@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.****Redaksjonen**

Neste kyrkjelydsblad kjem i mars.

Innsendingsfrist: **25. februar.**

**Ei uventa gåve!**

Hender det at du får ei gåve som kjem heilt uventa? Ein blomebukett, ei overraskande helsing eller ein invitasjon til kake hjå naboen? Av og til opplever vi slike uventa ting - gåver og gleder som det er berre å ta imot.

Jesusbarnet er gåva vi no ventar på og skal feire. Julebodskapen er den same som før. Ikkje desto mindre – når vi tek imot og dveler litt ved det som eigentleg skjedde den første julenatta, opplever vi at bodskapen får nytt liv – ei venta gåve kjennest uventa og ny!

Same korleis du feirar jul, håpar eg du får ei fin julehøgtid, og er klar til å ta imot dei gåvene som kjem i din veg.

Vi i redaksjonen og på kyrkjekontoret ynskjer alle og einkvar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytta år!

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

**Ny medarbeidar**

Åse Haugen blei 26.11.24 tilsett som trusopplærar i 25 % frå 01.01.25.

Velkommen i staben, og lykke til med dette viktige arbeidet!

Meir i neste nummer.



Foto: Pixabay.com

## Eit stort lys

Vi les gjerne frå Jesajaboka kapittel 9 på julaftan: «*Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle. Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.*»

I skrivande stund rasar krigen i Midt-Austen. Menneska som høyrer til der, vert ramma av død, øydelegging, frykt og tankar om hemn. Vi som er langt borte, ser på nyheitene og vert motlause og kjenner at håpet svinn for ei framtid utan konflikt og krig.

Kontrasten mellom den vakre bibelske forteljinga i Jesajaboka og det vonde som skjer i dag, er stor. Så stor at vi i fortvilinga kan tenke at i år bør vi legge bort juleevangeliet. For vert det ikkje for naivt eller for enkelt for oss som er så heldige å få leve i eit land der det rår fred og ikkje krig? Men det er akkurat no vi skal tenne lyset og la det stråle fram. Og juble og glede oss over underet. Og samle oss om Barnet. Menneske som er ramma av krig, ville ikkje verte hjelpte om vi i solidaritet skulle avlyse jula. Gud er ikkje borte. Gud er til stades – også i vår tid. Bibelforteljingane i Det gamle

testamentet vitnar om at Gud alltid har vore til stades i menneska si historie. Profetane som i århundrar minte folket om Guds handlingar med folket. Og som formidla håpet om Han som skulle kome – Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste. Og Gud var rikeleg til stades då Barnet vart fødd og ein son vart oss gjeven. I Det nye testamentet vert vi kjende med Jesus. I møte med menneska er Han livsnær og direkte. Gud var også rikeleg til stades på Moster då kristenretten vart innført. Den enkle bibelske sanninga om at alle menneske er skapte i Guds bilde, fekk ei radikal nytolkning som profetisk peika fram mot eit samfunn der makt forstått som den sterkaste sin rett, vart avløyst av tanken om at alle menneske er ein del av same fellesskapen, og av den grunn har plikt til å ta vare på kvarandre. Gud var rikeleg til stades i Bergen då kong Magnus Lagabøte gjorde sitt meisterstykke å samle Noreg i Landslova. Alle domsavgjelder vart no prøvde på om den dømde var vist Miskunn og Rettferd. Om Sanninga var komen fram. Og at domsavgjerdene ville bygge Fred. Så lat oss også i vår tid i frimod leve i trua på at Gud er rikeleg til stades. Også i vår fortviling og våre bøner om fred. Og i vår glede og forventning over å gå høgtida i møte, skal vi sleppe jubelen laus. Med ynskje og bøn om ei velsigna julehøgtid og eit nåderikt nytt år.

*Helge Taranrød, prost i Nordhordland*

## Lys i mørket

Ting tek verkeleg av når konfirmanane i Gulen, Solund og Masfjorden mønstrar opp i Gulen kyrkje ...

Det var ei spent forsamling som troppa opp i Gulen kyrkje fredag den 8. november med ryggsekk, liggeunderlag og soveposar.

Den nye soknepresten i Gulen, Håkon Økland Kinsarvik, hadde nemleg tromma inn alle konfirmantane i mils omkrins, og vel så det. Det var tid for å sprengje kommunegrensene ein gong for alle: Soknepresten i Solund, Bjørn Magne Hansen, hadde teke turen over Sognefjorden med konfirmantane i Solund, Torbjørn Sæle, sokneprest i Masfjorden, tok vegen utetter fjorden med sine håpefulle, og Håkon stilte med ein solid gjeng frå Gulen. Mangeårig konfirmantarbeidar Maren Daae Eide, ivrig assistert av eldsjelene Eirik og Odin, var på plass. Det var duka for litt av ein fest.

Dei som trudde dette skulle verte ein traurig kveld med tynn salmesong, halvmjuke Mariekjeks med lett-margarin, pugging av Luthers forklaring av katekisma, og tilmålte mengder med endå tynnare hushaldningssaft, tok skrekkeleg feil: Håkon hadde førebudd eit opplegg som tok pusten frå sjølv den mest garva av oss:

Etter ei koseleg velkomsthelsing frå Maren i ei lys, trygg og varm trekyrkje, snudde alt seg: Flakkande lampar og blytunge barokkakkordar nedetter mollskalaene på pipeorgelet

sende brått eit drivande lys gjennom kyrkja så det rista i benkene.



Dei fleste fekk ein kraftig støkk, konfirmantarbeidaren inkludert.

Bjørn Magne redda oss heldigvis ut i lyset att med ein andakt, og minte oss på det viktigaste: Mørkret, uansett kor trugande og stort det kan verke, må alltid vike for lyset. Og lyset, det er Jesus. Eller som det står i Johannes 12,35: «*Gå så lenge de har ljuset, så ikkje mørkret skal falla på dykk.*

*Den som går i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av.»*



Etterpå var det klart for ein solid dose varm pizza frå det lokale bakeriet på Eidsbotn. Det smakte himmelsk i rommet bak i kyrkja.

Håkon hadde laga eit rollespel etter malen frå TV2 – «Forræder». Opplegget var at det var ei gruppe med lojale og ei gruppe med sabotørar blant konfirmantane, men at ingen utanom sabotørane visste kven desse var. Gjennom å studere åferda til kvarandre og halde rådsmøte skulle me prøve å finne ut kven som var lojale og kven som var sabotørar. Temmeleg komplisert og temmeleg spennande.



Maren delte konfirmantane i lag, og me fekk tid til til å bli kjende i grupper på tvers av sokn. Etterpå vart me sende rundt i kyrkja og til Borgstova utanfor for å löyse ulike praktiske oppgåver. Gjennom alle desse oppgåvene måtte konfirmantane prøve å finne ut kven som hadde rolla som lojal og kven som var forrædar. Morsealfabet, omsetjing av hebraiske tekstar, gåter, talkombinasjonar, bibelvers, puslespel, det tok ingen ende. Det var som å vere Hercule

Poirot for ein kveld. «Mord» vart det også.



Konkurransen var knivskarp til siste slutt, men heldigvis klarte dei lojale å finne forrædarane og vinne slaget, like før kl. 23.00 på kvelden. Då passa det også perfekt med kveldsgudsteneste. Nokre av konfirmantane stilte opp som medliturgar i bøna.

Bjørn Magne trylla vakre tonar frå pianoet, og konfirmantane song. I preika fortalte Torbjørn om korleis det kan vere når brå brå død og sorg slår inn i liva våre og gjer oss motlause. Det er då me må vere sterke og sjå oppover, framover: Trua på noko bak døden, ein ny start, eit nytt liv, det er det som kan løfte oss over sorga. Odin las evangelieteksten, og me sat alle i kyrkja, ettertenksame. Tankane gjekk til løftet som Jesus gav oss, slik han gjorde det i Johannes 14,27: «*Lat ikkje hjarta dykkar uroast, og ver ikkje motlause!*»

Etter gudstenesta gjekk superfriskusane, dei som enno ikkje var skikkeleg trøytte, til felles aktivitetar med Eirik i Borgstova fram til kvart

over eitt. Dei andre breidde ut liggeunderlaget og kraup i soveposen mellom benkene. Sjølv kjende eg på sterk trøng for å komme så nær Vår Herre som eg kunne. Det var på sin plass å takke. Takke Gud for ein fantastisk kveld med herlege opplevelingar, så plassen fremst i koret, bak altartavla, måtte passe perfekt.



Kyrkja fall til ro, freden breidde seg som eit varmt ullteppe i kyrkjeskipet, og eg falda hendene mine i djup takksemd før eg stilt somna, lukkeleg i vissa om trygg englevakt på kyrkje-trappa.

Det var då det hende: At eg vakna. Ståande. I ein Ajungilak sovepose. Til Johannes Openberring. Og det var visst ikkje fyrste kapittel heller.

Kva var dette?

Eit brøl frå djupet. Det høyrdest ut som om nokon hadde fyrt opp ein dieseldriven industrikompressor på minst tre sylinderar.

Men det pusta ... Bakveggen til altartavla dirra i halvmørket.

Ingen tvil, akustikken i Gulen kyrkje var imponerande.

Eg tok mot til meg og myste forsiktig forbi kanten:

Der såg eg konturane av ei saman-

snurpa hengekøye mellom søylene i koret. Og ein annan som pirka borti kokongen og prøvde å vekkje syndaren. Til ingen nytte.

Det var dette Maren meinte med «alterduren», eit særegne akustisk fenomen som av og til pregar overnattingane i Gulen. Unikt.

Neste morgen var konfirmantane kjapt på beina. Dei var ferdig pakka på rekordtid.

Det var verre med oss andre.

Det hjelpte ikkje at altarvinen ved nattverden i går var utan alkohol.

Det fyrste kvarteret gjekk med til å reise seg opp på alle fire.

Det neste kvarteret arbeidde me med å komme opp i ståande stilling.

Men me lukkast.

Redninga vart tre koppar krutsterk kaffi på kommunehuset. Etter ein himmelsk frukost med eggerøre, ferskt brød og herleg pålegg, var det felles samling i kyrkja, der me avslutta med ord for dagen, song og velsigning. Dette markerte slutten på ei fantastisk samling.

No fekk endeleg konfirmantane frå alle tre kommunane komme saman og verte kjende med kvarandre.

For eit framifrå opplegg!

Ein stor takk til sokneprest Håkon Økland Kinsarvik og det drivande gode laget hans for strålende opplegg og regi.

Slike samlingar må vi ha fleire av!

*Tekst: Alf Holmaas Helland,  
konfirmantarbeidar i Masfjorden*

*Foto: Håkon Kinsarvik*

# **Gravferd frå Byrknes bedehuskapell, før og no**

Etter nesten fem år i jobben som kyrkjeverje i Gulen fekk eg ein dag inn ei melding om dødsfall, der det blei spørsmål om dei kunne bruke Byrknes bedehuskapell i staden for Mjømna kyrkje.

Vi har fleire gudstenester på bedehuskapellet gjennom året, men gravferd? Eg måtte stoppe litt opp og tenkje meg om, men etter ein prat med Bjørn Magne Hansen i Solund så kunne han stadfeste at det framleis hender at det er gravferd frå kapellet.

Så eit lite hopp fram i tid, til jubileumshelga for landslova: På veg med ferja over Sognefjorden traff eg Karl Hjelmeland, tidlegare sokneprest i Hyllestad, som også var på veg til seminar på Skjerjehamn.

Etter litt prat blei det til at han ville sitje på utover frå Nordgulfjorden.



*Foto: Ytre Sogn*

I bilen kom det fram at han som prestevikar sommaren 1979 hadde hatt si første presteteneste i Gulen, og så kom historia om hans aller første

gravferd, frå Byrknes bedehuskapell. Her kjem den, vel verdt å ta med seg inn i vår tid, og som refleksjon og ettertanke for vår tids gravferds-tradisjonar.

*Kyrkjeverje Ingunn*

# **Minne frå prestetenesta i Gulen sommaren 1979**

Mine første tenester som prest hadde eg som sommarvikar i Gulen for 45 år sidan. Fortsatt har eg mange minne frå denne sommaren, og særleg éi teneste har festa seg i minnet for alltid.

Eg hadde studert i tre år på Menighetsfakultetet i Oslo, og no skulle all lærdom få bryne seg i min første praksisperiode.

4. juli 1979 hadde eg mi aller første gravferd. Den var frå Byrknes bedehuskapell, og den døde var Bergitte Kristiansen, kona til Elias Kristiansen. Så langt eg hugsar, var dei barnlause. Grunnen til at denne gravferda sit «spikra» i minnet, handlar vel dels om at det var mi aller første gravferd, og dermed var nok spenninga til å ta og føle på, men ikkje minst handla det om at dette var ei gravferd som skilde seg ut frå alle dei eg seinare har hatt. Dette var ei oppleveling som allereie då gav ei kjensle av forgangen tid med tydelege lokale skikkar.

Eg tenkjer tilbake på det som ein rikdom å ha fått lov å oppleve det. Eg budde i ein kommunal bustad i Eivindvik, og vart henta av skyssbåt på kaia kl. 11.00.



Utsikt fra styrehuset på Tinganes, 1979.  
Foto Karl Hjelmeland

Etter 20 minutt med ein rask båt var eg framme ved bedehuskapellet. Dei fleste som skulle delta i gravferda, var allereie samla i storsalen. Men presten skulle ikkje direkte dit. Først vart det dekka på med mat for presten i veslesalen. Slik hadde det alltid vore, forstod eg. Eg må seie det kjendest ganske rart for ein alminneleg bondegut frå Lavikdalen plutseleg over natta å bli teken imot som han «far», sjølvaste soknepresten. Der sat eg åleine i veslesalen og prøvde å få ned ein matbit. Ikkje fordi eg var svolten og trong mat, men fordi det var tradisjon.

Så tok gravferda til etter vanleg ordning i altarboka. Det var ikkje noko gravferdsbyrå involvert, men på Byrknes var det to menn som byttet om å vere prestens medhjelpar ved gravferd. Og det trøngst! Ingen tilreisande prest kunne ha oversikt over alle dei lokale tradisjonane. Gravferda med minneord, blomehelsingar, andakt og bøn var til ende, og vi gjekk ut av kapellet med kista. Då vi gjekk ut døra, stemde med-

hjelparen i det faste verset, 8. verset av Elias Blix sin salme Dauden gjennom verdi gjeng:

*Fylg meg, Frelsar i den stund  
Når eg vandrar her or stova!  
Fylg meg til den stille lund  
Der eg til din dag skal sova!  
På mi grav det merke skriv:  
«Eg oppreisning er, og liv.»*

Utanfor kapellet vart kista sett inn i ein folkevognbuss. Medhjelparen og eg gjekk framfor bilen. Resten av gravfølgjet gjekk bak bilen. Så gav vi oss i veg ca. éin kilometer til nordre kaia. Tradisjonen var, fortalte medhjelparen, at dersom den døde hadde budd nord for kapellet, skulle ein gå til nordre kaia. Og dersom bustaden låg sør for kapellet, skulle ein gå om lag like langt til søre kaia. Og dette gav mening, for då vi passerte staden der Bergitte hadde budd, stansa følgjet, og det vart sunge ein salme. Dette var midt i slåtonna, og på vegen passerte vi folk som dreiv med slåtten. Dei stansa arbeidet. Stod med riva i handa ved sida av hesja. Det gav meg ei kjensle av det ein kan sjå på gamle måleri.

Vi kom fram til kaia og gjekk om bord i ei fiskeskøyte. Då vi la frå land, song vi ein fast salme. Eg hugsar ikkje kva for ein. Skøyta var feia og tilstelt, men eg vågde likevel ikkje å setje meg med den kvite prestekjolen, så eg stod heile vegen på den tre kvarters lange turen mellom holmar og skjer til vi kom til Mjømna. Då vi gjekk inn på kyrkjegarden, song vi ein fast salme.

Etter jordfestinga og senkinga av kista bar det same vegen attende med fiske-skøyta, og vandring fram til kapellet igjen. Der var det full middag og kaffi. Og så var det minnesamvær, der fleire fortalte om gode minne med Bergitte, og dertil minna oss om kor viktig det var at vi alle hadde vår sak i orden med Gud. Og så skulle presten ha ein liten andakt til slutt. Det var tradisjonen.

I løpet av dagen bemerka eg til med-hjelparen at her var det mykje lokale skikkar. Då fekk eg dette fornøyelege svaret: «Nei, no er det nesten ikkje att noko. Før song vi heile vegen. Eg var inn i Eivindvik i ei gravferd for nokre veker sidan. Vi song ikkje så godt som eit vers då vi gjekk ut or kyrkja. Det var heilt kaldsleg. Nett som om vi bar vekk ein sau».

Då minnesamværet var slutt, var det sein ettermiddag. Då vart eg oppmoda om å dra på besøk til enkjemannen, Elias. Slik brukte det å vere.

Så var eg hos han til rutebåten gjekk inn igjen til Eivindvik om kvelden.



*Karl Hjelmeland i 1979 saman med Olav Undertun, som då var kyrkjetenar i Eivindvik.*

Då eg kom heim i «tenestebustaden»,

var den 23 år gamle presten bokstavelig talt «heilt ferdig». Men kropp og sjel var full av ei oppleving som eg har teke med meg heile livet. Ei kulturhistorisk perle som eg er takksam for å ha fått oppleve!

*Karl Hjelmeland*

\*\*\*\*\*

No gjer vi eit lenger hopp tilbake i tid, og ser på korleis reisene i Eivindvik prestegjeld kunne arte seg for 200 år sidan.

## **Biskop Johan Nordahl Brun på visitasreiser i Eivindvik prestegjeld**

Johan Nordahl Brun (1745-1816) var ein norsk prest, biskop og diktar. Han var fødd i Trondheim. I studietida i København var han ein av hovudpersonane i Det Norske Selskap, og han var ein ihuga talsperson for at Noreg skulle lausrive seg frå Danmark.

I 1774 vart han tilsett som sokneprest ved Korskirken i Bergen, og i 1793 vart han stiftsprost i Bergen stift (Bjørgvin bispedømme). I 1797 vart han konstituert biskop i Bergen stift fordi biskop Ole Irgens var sjuk, og då Irgens døydde, vart Johan Nordahl Brun utnemnd til biskop (1804).

Han var ofte ute på visitasreiser i dette store bispedømmet, som då også omfatta Sunnmøre. Allereie som stiftsprost utførte han visitasreiser for biskopen. Reisemåten var robåt, eventuelt segling, hesteskyss, eller dei måtte ta seg fram til fots.

På visitasreisene vart det ført visitasprotokoll, som ein i biskopen sitt reisefølgje hadde ansvar for. I tillegg førte Johan Nordahl Brun sjølv ein privat visitasjournal, og det er denne vi siterer frå her.

Brun var ein mann med mykje humor, og skildringane hans inneheld såleis interessante ting som ikkje kjem fram i dei offisielle rapportane. I august 1806 var han for eksempel på visitas i Jostedalen, som den første biskop nokon sinne. Her skriv han m.a.:

*Fra Luster prestegård halv seks.  
O, Himmel, hvilken vei! Vi måtte gå ¼  
av disse såkalte tre mil, og kom først  
til Jostedal halv syv om aftenen.  
Så trett har jeg aldri vært.  
Her er jammerlig stygt. Elven selv er  
leirgrå av vannet fra breen.*



I det meste av bispetida til Johan Nordahl Brun omfatta Eivindvik prestegjeld også Husøy kapellsokn, Bø anneksoskn, Lavik anneksoskn og Brekke anneksoskn. Jacob Borchmann Dresing var sokneprest, Iver Munthe Daae residerande kapellan, og Christopher Parelius jr. var klokkar.

## 1794: Visitas i Eivindvik hovudsokn

**30. juni:** *Kom til Eivindvik kl. 5 ettermiddag, i det skjønneste vær.*

**1. juli:** *Møte med skoleholderne; blant dem en som hadde tjent i 24 år.*

**2. juli:** *Skiftet etter prost Dresing ble sluttet. (Prost Dresing var far til sokneprest Dresing.)*

**3. juli:** *Besøkte den residerende kapellan Iver Daae i Fonneviken etter innbydelse, og spiste der til aftens.*

**4. juli:** *Kirkebesiktigelse. Allting godt. Hr. Dresing har hele gudstjenestens orden og verdighet liggende på hjerte og sinn, og sørger omhyggelig for at intet skal mangle i det hellige hus.*

**5. juli:** *Meditert til min tale i morgen.*

**Søndag 6. juli:** *Visitasgudstjeneste.*

*Været herlig. Folkemengden stor.*

*Kirkeskikken verdig. Tjenesten begynte kl. halv 11. Hr. Dresing messet tålelig godt. Full messe. Klokkeren Parelius har til sang en dommedagsbasun. Res.kap. Daae preket. Denne prekenen syntes meg ikke å ha vært skrevet, og så som den ble holdt, på en ganske søvnig måte. Savnet viktige holdepunkter, dog ikke bevisende satser, og var vel tilpasset etter folks fatteevne. Jeg undret meg over at en mann på 24 år, som nylig hjemkommen fra Universitetet og hadde veiledet andre til den teologiske eksamen, ikke kunne eller ville fremføre noe viktigere på talerstolen.*

## 1802: Visitas i Eivindvik hovudsokn

Biskopen hadde vore på visitas i Indre Sogn, kom til sorenskrivargården i

Brekke om kvelden 2. august, og reiste vidare til Eivindvik dagen etter.

#### **Onsdag 4. august:**

*Visitastgudstjeneste. Det herlige vær i dag, sjeldent i år, vindens tid og visitas på en virkedag lot formode kun en liten forsamling, men den ble over formodning. Den usedvanlige stillhet i kirken, ungdommens vakre opplysning og alt beviste meg, at lærere her hadde inspirert akt for Guds ord og Guds dyrkelse.*

*Iver Daae, uten tvil den første blant Bergen stifts teologer, gav oss en preken - eller om du heller vil - en grundig avhandling, hvor 2. Kor.4,13 og 14 bød utgangspunktet.*

*Til innledning sa han forskjellige ting som dog vedkom emnet og var fullstendig rett-troende. Hele talen, som visst nok ikke var rosverdig for streng orden, heller ikke for veltalenhets skyld, var sammenhengende, ikke bare en bekjennelse, men også et lerd forsvar for den evangeliske sannhet, like kjært for lærde som ulærde.*

*Foredraget var verdig og alvorlig, og stilten enfoldig, dog ikke uverdig.*

*Røsten var mandig, bevegelsene ikke nettopp vakre, men rett passende.*

*Den karakter som jeg gav den talende, var denne: Hvor skulle jeg ønske at alle våre theologiske studenter ble slik opplært av våre nåværende veiledere.*

*Jeg, som bare er på reisefot og ikke kunne få ro til nye tanker, holdt den samme tale som 30. juni.*

**5. august:** I dag skulle vi reist, men da hr. Iver Daae på Fonneviken ville

traktere, måtte vi derhen, hvor vi ble guddommelig bevertet. Sogneprest Dresing hilste Gabriel Heiberg som nykommer, og etter gjorde forskjellige spørsmål om Lindås og hr. Meyer; han hadde ganske glemt gårdsdagens samtale; så sviktende er hukommelsen, hva alle de seneste hendelsene angår, men den holder fast på hvilken som helst ting som ligger fem år eller mer tilbake i tiden.

**6. august:** Biet 1 ½ time etter roerskarle og det de nærmeste Ole Jørgensen Midtun og Hans Mathiasen Henriksbø, i viss sted hr. Dresing overlot meg sine to raske drenge.

Dei rodde først til Skjerjehamn med dei fire som var med i båten, deretter til Kilstaumen.

#### **1806: Visitas i Lavik annekssokn**

Res.kap. Iver Daae var slutt i prestegjeldet etter at han vart utnemnd til sokneprest i Fana i 1803. Ny res.kap. var Niels Alstrup Dahl.

**7. juli:** Kom til Eivindvik. Hr. Dahl fortjener megen ros for Husøy kirkes reparasjon, samt av den dertil forskaffede kirkegård, hvilken jeg gav ham fullmakt til å innvie. Han bruker i øvrigt fornuftig nidskjærhet i alt, og retter meget som er kroket.

**8. juli:** I dag var her 4 bruder, hvorved den uskikk at det hele følge gikk inn i prestens stue, drakk, spilte og danset der. Og for all den alarm får soknepresten 8 mark og intet offer.

**9. juli:** Utstedt til Hr. Dahl, hvor vi da var gjestebudne, følgende: «Da den for Husøy kapell høyst nødvendige

*kirkegård nå er istandsatt, og sognepresten hr. Dresing er sykelig, bemyndiger og befaler jeg Dem hermed på mine vegne ved Ordet og Bønnen, så snart skje kan, bemeldte kirkegård å innvie til Kristen Jord, hvori begraves de som er døde i vår Kirkes Samfunn, men ikke selvmordere. Men om fremmed strandet lik finnes, må det i kirkegården begraves, dog uten jords påkastelse.»*

**12. juli:** Kl. 08.30 fra Eivindvik til Alværen, kom dit kl. 17.00. Der fant vi den raske løytnant Holch med tre søstre. Dit kom prost Daae, sørerskriver Hesselberg og kone. Vertinnen, madam Hansen er forekommende, hennes datter smukk, huset brilliant, egnen interessant, bevertning fortreffelig.

**Søndag 13. juli:** Visitasgudstjeneste i Lavik kirke. Den eier madam Hansen. Her er ellers alltid lørdagspreken, men nå vil jeg ha det forandret.



Teikning: Petter Eide

Parelius sang som eselelet i fabelen, da det skulle skremme andre dyr; men Dahl prekte ganske behagelig og med

*en mandig beskjedenhet.*

**1807:** Sokneprest Dresing døydde i august 1806, og i 1807 vart Niels Alstrup Dahl utnemnd til ny sokneprest.

**Juli 1812:** 24. juli var biskopen i Eivindvik. Han skulle vidare dagen etter til visitas i Bø kyrkje, som no var annekskyrkje i det nye Lavik prestegjeld.

*Etter frokost reiste kaptein Holck. Før middag tatt den ved hr Dahl meget forbedrede prestegård i øyen-syn; om ettermiddagen en gammel dansk jomfru Dresing på kaffe.*

**September 1812: Visitas i Eivindvik hovudsokn**

Biskopen og følgjet hans hadde vore på visitas i Indre Sogn, i Leikanger, Hafslo, Luster, Lærdal og Aurland. På vegen utover fjorden overnatta dei i Måren. Dagen etter reiste dei vidare kl. 7. Dei var på land ei kort stund på Kyrkjebø og i Lavik, men på grunn av mykje motvind kom dei ikkje til Eivindvik før folk hadde lagt seg.

*Hos hr. Dahl lå hver kjeft. Biskopen buldret lenge på døren, og madamen kom omsider ut i snevert liv og underskjørt. Nå revolusjon i huset. Man ville by kaffe, mat og alskens historier, men vi vraket alt mot å nyte søvnen sot.*

**9. september:** Utpå formiddagen kom prost og ridder Hertzberg fra Hardanger. Han hadde nylig tatt over Voss prosti.

**10. september:** Et gyseligt vær. Til

*tross for samme, gjorde bispen sin sedvanlige kirkebesiktigelse før visitasen. Om ettermiddagen gikk prosten og herr Dahl opp i marken på botaniske undersøkelser i et tvetydigt vær; kom også tilbake så våte som kråker, og med uforrettet sak.*

**11. september:** *Det samme vær som dagen før, og prost Hertzberg og verten returnerte fra deres formiddagsvandring etter å ha fristet deres forrige skjebne.*

**Søndag 13. september:** *Visitasguds-tjeneste. Dahl holdt den beste tale som jeg denne gang har hørt, om Kristus som gudmenneske. I ungdommens overhøring var den samme Dahl uten tvil den første blant sogningene.*

Dagboka til Johan Nordahl Brun sluttar med denne septembersøndagen i 1812. Dette vart siste visitasreisa hans i bispedømmet.



Her ser vi Herresalen og kyrkja med prestekaia og trappa opp til kyrkja. Det kvite huset til venstre er den gamle prestebustaden, der Johan Nordahl Brun i 1812 stod og «buldret på døren» til Niels Alstrup Dahl. Biletet står på side 29 i Magnor Midtun sitt hefte «Eivindvik før og

no», og er ei teikning etter eit foto i «Illustreret Nyhedsblad» nr. 20 av 20. mai 1886.

*Kjelde: Johan Nordahl Brun: Visitats-Journal 1794-1812.*

*Tekst: Bjarne Tveit*

*Redigering/foto: Anne Tveit*



## Julekonsertane 2024

**Gulen kyrkje: Laurdag 14.12.**

**kl. 16.00** v/Brekke mannskor, Spleis og lokale krefter.

**Mjømna kyrkje: Søndag 15.12.**

**kl. 16.00** v/Øyklang med fleire. Andakt ved Håkon Kinsarvik.

**Brekke kyrkje: Laurdag 21.12.**

**kl. 16.00** v/Brekke mannskor og andre lokale krefter.

## Juletrefest i Brekke

Det blir juletrefest i Brekke bedehus **laurdag 28. desember kl. 15.00.**

Det blir julebuffet og gang rundt juletreten.

Alle er velkomne!

*Arr.: Brekke kristeloge ungdomslag*

## Julefest på Byrknes

Det blir julefest i Byrknes bedehus **søndag 5. januar 2025 kl. 16.00.**


Andakt ved Håkon Kinsarvik

Mat – Kaffi – Brus

Gang rundt julestreetLeikar

Velkommen til små og store!

*Arr.: Barneforeningen*



## Puslekryssord jula 2024

Nedanfor finn du 16 stadnamn frå Gulen kommune. Dei skal alle inn i kryssorddiagrammet ovanfor. Namna er, i alfabetisk rekjkjefølgje: ASHEIM, BREKKE, BÅLEN, DINGJA, FLOLID, GLENJA, GRIMA, GRINDE, GRÅVIK, HAUGE, MJØMNA, RUTLE, STEINE, TAKLE, VATNE og VIKANE.

Når du har plassert inn alle namna, kan du sende løysinga til redaksjonen (post, mobil eller epost; adr. sjå s. 2) innan 10.01., og du blir med i trek-

ninga av ein liten nyttårspresang.



Takk til kryssordmakar Einar Søreide, som enno ein gong har gitt oss noko å gruble på!

Og hugs at det går an for andre òg, å prøve seg som «grubleriforfattar».

## Takk

Takkar for all oppmerksomhet i anledning Magnar Noralv Breidvik sin bortgang.

*Esther m/familie*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for varm omtanke, deltakelse og alle dei vakre blomehelsingane ved vår kjære Magne Neverdal sin bortgang. Ei stor takk til prest Ole Marton Ølberg for ei fin stund i kyrkja, og til organist Peter Jobbagy for vakker musikk.

Takk til Nordhordland begravelsesbyrå og til Solgul Blomst.

Takk til Vidsyn for god hjelp til minnesamværet.

*Kirsten, Hanne-Marit, Aina og Lars-Magnus med familie*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, deltakelse og blomsterhelsingar ved min kjære pappa Frank Olsen sin bortgang. Takk til prest Håkon Økland Kinsarvik, organist Peter Jobbagy, Gulen sjukeheim og Solgul Blomst. Takk for gode ord og støtte.

*Ingelin F. Olsen*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**20.10.24:** Odin Røyrvik Virkesdal.

**27.10.24:** David Eide Vigdal. Døypt i Frøyset kyrkje.

**03.11.24:** Sofie Tveit Dahl.

#### BREKKE SOKN:

**20.10.24:** Leah Haugland Instefjord.

**20.10.24:** Berner Ellingsen Dyrøy.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**07.10.24:** Magne Neverdal, f. 1946.

**10.10.24:** Torunn Gill, f. 1962.

**28.10.24:** Frank Robert Olsen, f. 1948.

**13.11.:** Jorunn Haveland, f. 1936.

**20.11.:** Oddny Henrikke Sognefest, f. 1947.

## Kyrkjekalenderen

**Tysdag 10.12.:** Brekke bu- og omsorgssenter kl. **11.00** v/Håkon Kinsarvik.

**Laurdag 14.12.:** Gulen kyrkje kl. **16.00**. Julekonsert v/Brekke mannskor, Spleis m. fl. Offer: Blå Kors.

**15.12.,** 3. søndag i adventstida: **Mjømna kyrkje kl. 16.00.**

Julekonsert. Andakt ved Håkon Kinsarvik. Offer: Bjørgvins veneskapskyrkje på Cuba.

**Torsdag 19.12.:**

**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Håkon Kinsarvik. Seniorgudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Dalsøyra bu- og omsorgssenter**

**kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Senior-gudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Laurdag 21.12.:** Brekke kyrkje kl.

**16.00:** Julekonsert v/Brekke mannskor m.fl. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

- 22.12.:** Ikkje gudsteneste.
- 24.12.,** Julaftan:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon.  
**Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.
- 25.12.,** Juledag:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS.
- 26.12.,** 2. juledag/Stefanusdag:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.
- 31.12.,** Nyttårsaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 23.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Redd barna.
- 05.01.25:** Kristi openberringsdag:  
**Byrknes bedehus kl. 16.00:** Julefest. Andakt v/Håkon Kinsarvik.
- 12.01.:** 2. søndag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.
- 19.01.:** Ikkje gudsteneste.
- 26.01.:** 4. sundag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 18.00:** Cubakveld v/ Ingunn og Aslak Sognnes. Offer: Bjørgvin vennskapskyrkje på Cuba.
- 02.02.:** Ikkje gudsteneste.
- 09.02.:** 6. søndag i openberringstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Haraldspllass samtalesenter.
- Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Alværa misjonscenter.
- 16.02.: Såmannssøndag:**  
**Alværa kl. 11.00:** Gudsteneste i samband med konfirmantleir.
- 23.02.:** Kristi forklaringsdag:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Sjømannskyrkja.
- 02.03.:** Ikkje gudsteneste.
- 05.03.,** Askeonsdag:  
**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Fjon fjellkyrkje. Soknemøte.
- 09.03.:** Ikkje gudsteneste.
- 16.03.,** 2. søndag i fastetida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Offer: Sygna VGS. Soknemøte.
- 23.03.,** Maria bodskapsdag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Samtalegudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet/bedehuset. Konfirmantfest.
- Laurdag 29.03.: Brekke kyrkje kl. 18.00:** Konsert med Brekke mannskor og Åsane menighetskor.
- 30.03.,** 3. søndag i fastetida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/ Håkon Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i Mali. Tårnagent. Soknemøte.
- 06.04.:** Ikkje gudsteneste.
- Tysdag 08.04.:**  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Håkon Kinsarvik. Seniorgudsteneste.
- 13.04.,** Palmesøndag:  
**Byrknes bedehus kl. 16.00.** Offer: Kyrkjelydsarbeidet.